



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3476 - 18/35161

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
21.11.2018

Tidspunkt for førehandskonferanse - gbnr 121/1 Knarvik

Tiltak: Førehandskonferanse
Byggjestad: Gbnr: 121/1 Knarvikgarden 69
Tiltakshavar: Thore Lid Knarvik
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Føremål og innhald i førehandskonferanse er skildra i byggesakforskrifta § 6-1, der det m.a. står at konferansen skal avklare tiltakets føresetnader og rammene for vidare saksbehandling. Kommunen vil føre referat frå konferansen.

Vi viser til din førespurnad om førehandskonferanse mottatt 13.11.2018.

Det vert sett av tidspunkt for førehandskonferanse **fredag 7. desember kl 10.00 på rådhuset**. Dersom tidspunktet ikkje passar, må dette meldast tilbake til kommunen snarast mogeleg.

Vi ber om at det vert send inn utfyllande opplysningar om planlagt tiltak slik at kommunen kan førebu førehandskonferansen. Det må mellom anna gjerast greie for kor det er aktuelt å flytta bustaden (synt på kart), kva som er bakgrunnen for planlagt tiltak, om det er aktuelt å søkja om frådelling av bustaden og om gardsbruket er i drift. Tilleggsopplysningane må sendast kommunen innan måndag 3. desember.

Førehandskonferanse er fastsett i kommunen si gebyrforskrift, og er på kr 3 150,-.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:



Kopi til:

Arkoconsult AS
Thore Lid Knarvik

Postboks 103 5291
Knarvikgarden 71 5955

VALESTRANDSFOSEN
LINDÅS

Mottakrar:

Arkoconsult AS
Thore Lid Knarvik

Postboks 103 5291
Knarvikgarden 71 5955

VALESTRANDSFOSEN
LINDÅS